



+  
Øyvind Husebø  
Damgata 28  
3179 ÅSGÅRDSTRAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1880 - 19/19918

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@meland.kommune.no

25.09.2019

## Etterlysing søknad om tilkopling til kommunalt vassverk - GBNR. 54/38

Dette brevet går ut til deg då du står oppnemnd som kontaktperson for avdøde Per Kristian Husebø.

Me viser til telefonsamtalar som me har hatt med Jan Haugsvær og med dotter til avdøde. Kommunen har motteke opplysningar om at eigedomen, gnr. 54, bnr. 38, som står i avdødes namn i eigedomsregisteret, har vore tilkopa det kommunale vassverket i nokre år.

Ved gjennomgang av våre registre finn me at kommunen ikkje har motteke søknad om tilkopling til vassverket og at eigedomen heller ikkje er registrert med årsavgift for vatn frå kommunalt anlegg.

Det følgjer av kapittel 20 i plan- og bygningslova (pbl.) at det gjeld ei søknadsplikt dersom grunneigar skal kopla seg til kommunalt vatn. Dette går fram av pbl § 20-1 f), som omhandlar følgjande tiltak som omfattast av denne plikta; «oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar». Med bygningstekniske installasjonar meinast blant anna vann- og avlaup (sanitæranlegg).

Dersom eigedomen på gnr. 54, bnr. 38 er tilkopa det kommunale anlegg, et det viktig for kommunen å få ei tilbakemelding om når fritidsbustaden vart tilkopa kommunalt vatn, då det har betydning for frå kva tidspunkt kommunen kan krevja etterbetaling av uteståande beløp av kommunal vassavgift. Me gjer samstundes merksam på at kommunen og vil krevja inn gebyret for tilkopling, stort NOK 25 000 inkl mva. Til orientering er dette gebyret opplyst i ein epost til Jan Haugsvær datert 17.09.2019.

Frist for tilbakemelding setjast til **16.10.2019**.

I medhald av lov 18. mai 1979 nr. 18 om foreldelse av fordringer (foreldelsesloven) § 2 er den almenne foreldelsesfristen 3 år. Meland kommune vil difor sende faktura med krav om tilbakebetaling av avgifta frå og med 25.09.2016. Frå dags dato vil eigedomen bli registrert med den faste årsavgifta som gjeld for vatn.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Gebyr for vatn og avlaup finn ein i gebyrregulativet for 2019, vedtatt av kommunestyret 12.12.2018, med verknad frå 01.01.2019. Gebyrregulativet finn ein ved å gå inn på Meland kommune si nettside, [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no), kommunale avgifter og eigedomsskatt.

Dersom du har spørsmål i saka, kan du ta kontakt med sakshandsamar på telefon 5617 1000 eller på e-post.

Med helsing

Astrid Riise  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Øyvind Husebø

Damgata 28

3179

ÅSGÅRDSTRAND